



## Notat

Dato: 12.11.2014  
Arkivsak: 2014/19846-3  
Saksbehandlar: pereker

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### **Orientering om fredingssaka for tobakksbutikken Reimers & Søns efft.**

Viser til handsaminga i Fylkesutvalet 30.10.2014 av sak 246/14 Forslag om freding av den tidlegare tobakksbutikken Reimers & Søns efft. Høyringsfråsegn, der det vart vedteke å utsetje saka. Det følgjande notatet gjer kort greie for fylkeskommunens arbeid med fredingssaker, og om eigarkontakten i den aktuelle saka.

#### **Freding av nyare tids kulturminne**

Freding etter kulturminnelova skal sikra eit varig vern av dei aller mest verdifulle kulturminna, og av eit representativt utval kulturminne som speglar alle sider ved samfunnsutviklinga i Noreg i nyare tid, dvs. etter 1537. (Alle kulturminne frå før det året er automatisk freda.) Som ein del av den nasjonale politikken på kulturminnefeltet er dette mellom anna nedfelt i St.meld. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner og St.meld. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste.

Kulturminneforvaltninga i stat og fylkeskommunar skal i fellesskap nå nasjonale mål på kulturminnefeltet. Kvart år sender Riksantikvaren brev til fylkeskommunane med dei statlege prioriteringane. Desse skal gje grunnlag for å forme regional politikk og praksis tufta på særtrekk i fylka. Eit av dei nasjonale måla er at «Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020». I forventingsbrevet for 2014 skriv Riksantikvaren at dei ventar at regionalforvaltninga prioriterer å avslutte pågåande fredingssaker, og å oppheve eller starte ordinær freding for alle mellombelse fredingar. I sak 12/14 Prioriteringar for kulturminneforvaltninga 2014, vedtok Fylkesutvalet 30.1.2014 m.a.:

*1. Fylkesutvalet tek "Prioriteringar for kulturminnevernet 2014" til etterretning og vil bruke dei nasjonale prioriteringane som grunnlag for å føre ein regional tilpassa kulturminnepolitikk for Hordaland i 2014.*

*10. Fylkesutvalet ber om at administrasjonen prioriterer arbeidet med å nå det nasjonale målet om ei representativ fredingsliste.*

*13. Fylkesutvalet ber om at fredingsarbeidet vert høgt prioritert i 2014.*

I Hordaland er det mange pågåande fredingssaker, både saker som er starta opp av fylkeskommunen sjølv, og saker som Bergen kommune starta opp i dei åra (2004-2008) dei hadde ansvar for forvaltning av kulturminnelova. Grunna dette, og prioriteringane over, vil Kultur- og idrettsavdelinga gjennom dei kommande åra senda ei rekkje fredingssaker på høyring.

### **Gangen i fredingssaker og omsyn til eigar**

Kva for instansar som har mynde etter kulturminnelova er regulert gjennom forskrifter til kulturminnelova, medan gangen i fredingssaker går fram av kulturminnelova § 22.1, andre ledd. Både fylkeskommunen og Riksantikvaren kan setja i gang og handsama fredingssaker, men det er berre Riksantikvaren som kan gjere vedtak om permanent freding.

Ei sak vert formelt starta ved eit oppstartsvarsel, som vert sendt eigarar og kommunen og kunngjort offentleg. Når arbeidet med ei sak startar opp, skal det takast kontakt med kommune, eigarar, relevante offentlege mynde og andre som kan ha særskilt interesse av saka. Undervegs i arbeidet med fredingsforslaget vil det alltid vera kontakt med eigarar, m.a. i samband med synfaring. Fredingsforslaget vert deretter utarbeidd, sendt eigarane og kommunen og lagt ut til offentleg ettersyn. Saman med merknadene som kjem inn vert det så sendt til kommunestyret.

På bakgrunn av høyringsinnspela vert fredingsforslaget eventuelt endra, før fylkeskommunen sender det til Riksantikvaren, som gjer det endelege vedtaket.

Ei god bruk av bygningane som er freda, og eit godt samarbeid med eigarar og brukarar, er avgjerande for ei godt vern. I St.meld. 35 (2012–2013) vert det understreka at kulturminneforvaltninga skal vera løysingsorientert og at fredinga i størst mogleg grad skal bidra til å sikra bruken av bygningane. Dette tar me omsyn til både i utforminga av fredingsforslaga, i avgrensing av fredinga og i fredingsføresegnene, og i forvaltninga av kulturminna etter at fredinga er vedteken. Fredingsforslaget skal søka å sameina eigars ønske og behov, samt andre samfunnsinteresser, med kulturminneverdiane. Ei løysingsorientert dispensasjonshandsaming er ein leietråd i Riksantikvarens rundskriv av 27.9.2013 (endra 20.5.2014) om enklare og raskare dispensasjonshandsaming. Dersom det i dispensasjon etter kulturminnelova vert satt vilkår som verkar fordyrande, har eigar etter kulturminnelova § 15a rett på heilt eller delvis vederlag for denne utgiftsauka.

### **Fredingssaka for Reimers & Søns efft., Olav Kyrres gate 1, Bergen og kontakt med eigar**

Denne fredingssaka har strekt seg over lang tid og er ei oppfølging av ei midlertidig freding frå 2003. Eigar klaga den gongen på vedtaket og fekk delvis medhald, ved at delar av innreiinga vart teken ut av fredinga. Både då og den følgjande tida, då lokalet vart tilpassa for kafedrift, var det omfattande korrespondanse og tett kontakt med eigarar og leigetakarar. Då fredingssaka vart starta opp i 2010, kom det ikkje inn nokon merknad frå eigarane eller leigetakarane som dreiv kafeen. I samband med synfaring og dokumentasjon av kulturminnet var fylkeskommunen i kontakt med dei, og det kom ikkje fram nokre motførestellingar. Særleg leigetakarane var uttrykt positive. Eigarar og leigetakarar har fått fredingsforslaget tilsendt samstundes med den offentlege høyringa hausten 2014, men har ikkje kome med nokon fråsegn.

